



## **Mandat for kommunalt, tverrsektorielt Folkehelseforum, Sauda kommune.**

### **Bakgrunn**

- Folkehelselova gir kommunen ansvar for å "fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen" (§ 4). Folkehelse skal gjennomføres "alt du gjør". Prinsippet om å fremme folkehelse i alle etatar i kommunen, "helse i alt du gjør" gjelder for kommune, fylke og stat.
- Reglane i det nye lovverket er tilpassa plan og bygningslova. Årsaka er at plan og bygningslova legg klare føringar for forhold nettopp der menneske lever og bur. Eller sagt på ein annan måte; plan og bygningslova legg føringar som får innverknad på kva for helse som utviklar seg og om innbyggjarane har høve til å ta sunne og gode helsemessige val. Folkehelseperspektivet skal vera implementert i alt planarbeid.
- Sauda kommune sin partnerskapsavtale med Rogaland Fylkeskommune om Folkehelse av 17.6.2014 ligg til grunn. Her er det fleire krav som må oppfyllest, mellom anna etablering av kommunalt folkehelseforum og etablering av stilling som folkehelsekoordinator.

### **Overordna mål for tverrsektorielt folkehelsearbeid:**

- Fremme god helse, førebygga og utjamna sosiale helseforskjellar og bidra til ei berekraftig helseteneste.

### **Oppgåver for folkehelseforumet**

- Arbeida strategisk med folkehelsearbeidet.
- Vera ein felles arena for å drøfta prosessar rundt oppfølging av folkehelselova.
- Vera ein arena for kunnskapsheving og erfaringsutveksling.
- Utarbeida oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som påverkar denne; også innhenting av og vurdering av relevant statistikk. Forumet skal drøfta og evaluera oversikta/statistikken ut frå lokale tilhøve.
- Kommuneoverlegen skal ivareta samfunnsmedisinsk rådgjeving i folkehelsearbeidet, dvs. også i oversiktsarbeidet. Kommuneoverlegen skal også bidra med epidemiologiske analysar.
- Arbeida med/koordinera tiltak som fremmer god helse og utjamnar sosiale

helseforskjellar, og utarbeida årlege forslag til handlingsplan.

- Tilrå tiltak (kortsiktig og langsiktig) knytt til område innan folkehelsearbeid; ”Helse i alt vi gjør”. Utgangspunktet bør vera tiltak som imøtekjem folkehelseutfordringane. Skal nedfellast i årleg «Handlingsplan for Folkehelse».
- Etablerer gode rutinar for vurdering, drøfting og evaluering av det kommunale folkehelsearbeidet.
- Evaluering av mål og tiltak i aktuelt planarbeid.
- Referansegruppe for folkehelsekoordinator.
- Bindeledd mellom dei ulike nivåa i kommunen og det politiske miljøet.
- Koordinerande rolle ovanfor frivillige lag og foreningar.
- Ved behov; etablerer prosjektgrupper som får ansvar for gjennomføring av diverse prosjekt og tiltak som skal realiserast, relatert til folkehelsearbeid.

### **Medlemmer**

Folkehelseforumet skal ivareta det tverrsektorielle perspektivet på eit overordna nivå i organisasjonen. Det er rådmannen si leiargruppe som utgjer forumet. Dvs. kommunalsjefane, planansvarleg, økonomisjef, personalsjef og kommuneoverlegen.

**Møtefrekvens:** ein gong kvar månad, eller oftare ved behov.

Sauda 7.12.2015

Rådmann

Wictor Juul